

Det kongelige miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

25. juni 2013

Høyringsuttale forslag til endringar i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark samt invitasjon til å søke deltaking i prøveordning med etablering av snøscooterløyper.

I brev av 30. mai 2013 vert kommunane invitert til å kome med uttale i høve bruk av motorkøyretøy i utmark. Vest-Telemarkrådet set pris på at Miljøverndepartementet endeleg tek eit avgjerande steg for å koma vidare i det varsla arbeidet med å endre Lov om motorisert ferdsle i utmark, men er ikkje tilfreds med at høyringsfristen er så stutt at kommunane har vanskar med å gjennomføre ei grundig handsaming av saka.

Høyringa er to-delt:

- forslag til endringar i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark
- invitasjon til å søke deltaking i prøveordning med etablering av snøscooterløyper


Kommunane har i dag mynde til å gje løyve for bruk av snøscooter gjeldande nyttekøyning, og ein har i tillegg hatt prøveordningar for fritidskøyning i nærare fastlagte traséar.


Vinje kommune har vore ein av 7 kommunar som har delteke i prøveordninga, og tilbakemeldinga frå kommunen er at ordninga har dempa konfliktane og vore eit godt instrument i høve til å regulere bruken av snøscooter i utmark. Dei andre kommunane som har praktisert reglar for fritidskøyning som del av prøveordninga, melder om det same.


Prøveordninga har vart i 7 år, og vi meiner at denne relativt lange prøveperioden gjev grunnlag for ei permanent og generell ordning. Fritidskøyning med snøscooter i nærare fastsette traséar kanaliserer og strammar inn den ulovlege køyringa. Dette er ei stor føremon for dei som likar eit ikkje-motorisert friluftsliv. Samstundes inneheld dette tilbodet eit stort innslag av folkehelse og bulyst, og legg til rette for naturopplevingar for folk i alle aldrar. Kommunane har den nærleik og lokalkunnskap som skal til for å opprette og forvalte denne type scooterkøyning, og bør på generell basis få råderetten over denne. Vi meiner at motsegninstituttet i Plan- og bygningslova sikrar staten kontroll med dei kommunale ordningane både i planprosessen og i gjennomføringa.

Vi legg vidare til grunn at våre kommunar vil vera blant søkjarane til den nye prøveordninga for perioden 2014 – 2018, og at søknader vert framsendt innan fristen 1. september dette år.


Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet



Torstein Tveito
Ordførar Kviteseid
Regionordførar


Solveig S. Abrahamsen
Ordførar Seljord


for Arne Vinje
Ordførar Vinje


Erik Skjervagen
Ordførar Fyresdal


Hilde Alice Vågslid
Ordførar Tokke


Halvor Homme
Ordførar Nissedal